



Sluttrapport UngOsa 27.-29. oktober 2017

UngOsa - ei helgesamling for born og unge under Osafestivalen

Osafestivalen er ein etablert festival på Voss, og vart i 2017 arrangert for 27. gong. Profilen til festivalen er å stimulera interessa for folkemusikk og nærliggande musikkformer, med særleg vekt på tidleg kunstmusikk. Arrangørane av festivalen er Ole Bull Akademiet, Voss Spelemannslag, Voss Ungdomslag og Orkesteret Fossegrimen.

Osafestivalen har dei siste åra hatt ulike kurs for born og unge under festivalen. I fjor gjekk Osafestivalen i lag med prosjektet Hardingfela.no om å arrangera UngOsa. Ynsket var å auke satsinga på kurs for born og unge monaleg under festivalen, der kursdeltakarane også skulle få oppleva delar av festivalen både som publikum og deltakarar. Organiseringa kring kurset har vore utført av prosjektleiar for «Folkedans i Hordaland» som er dansesatsinga til hardingfela.no, Magni Rosvold, i samarbeid med Osafestivalen.

Målgruppa for UngOsa 2017 var utøvarar frå 7 til 18 år på hardingfele, toradar, vokal og dans. Deltakarane vart delt inn i grupper etter aktivitet og nivå. Kurset gjekk over tre dagar, fredag til søndag, med ein avsluttande, stor felles konsert søndag, med alle deltakarane og lærarane deira, i foajeen på Gamlekinoen. Denne konserten var ein del av det ordinære festivalprogrammet til Osafestivalen. Laurdag føremiddag var deltakarane med til Osasalen og fekk oppleve familieførestillinga «Den standhaftige tinnsoldat» med gruppa Vrang. Til familieførestillinga med Vrang fekk nokon av borna frå dansegruppa i oppdrag å bli med og dansa ein langedans i førestillinga, under leiing av utøvarane i Vrang. Dei eldste kursdeltakarane fekk også bli med på dansen på Ole Bull Akademiet, laurdagskvelden.

I tillegg til undervising i grupper hadde deltakarane også ei fellesøkt med dans laurdag ettermiddag. Både fredag og laurdag kveld, etter middagen på Voss Vandrarheim, spelte, leika og dansa deltakarane ilag. Det vart lagt opp til noko felles musikk og danseaktiviteatar i regi av lærarane, i tillegg til at det også vart gjort rom for at deltakarane sjølve fekk spela og dansa det dei ynskja. Kveldane vart då mellom anna fylt med alt frå biljard, polka, zoomdansen, laurdagssnop-eting, øving på nylærte danseslåttar og avisleik.

Gruppelærarane på årets helgesamling var Maria Skjeldrum Toppe (hardingfele) Alexander Aga Røynstrand (hardingfele), Siri Dyvik (dansespel og hardingfele), Ingrid Standal Sørheim (toradar), Anette Thorsheim (toradar), Lajla Renate Buer Storli (song), Sondre Haugen (dans), Øystein Haugen (dansespel) og Åsne Haugen (dans).

Målet for tal på deltakarar var mellom 40-50. Dette målet vart nådd då det til saman var påmeldt 46 born og ungdommar til årets helgesamling. I år kom det deltakarane frå Voss, Granvin, Ulvik, Ullensvang, Odda, Kvam, Samnanger, Osterøy, Lindås, Fjell, Bergen, Oslo og Ål. På konserten i

Gamlekinoen, sundagen, kom det kring 110 tilskodarar. Lajla Renate Buer Storli og Anette Thorsheim hadde konsertregien.

UngOsa 2017 gjekk med eit lite overskot på kr 5305. Dette visar at prosjekthandteringa har vore bra i høve til oppslutning, og vi konkluderer med at det er eit godt grunnlag for framtidige vidareføringar av prosjektet.

Vi fekk mange gode tilbakemeldingar frå nøgde deltakarar og foreldre, både på gruppeundervisninga og aktivitetane gjennom helga generelt. I tillegg var det gode tilbakemeldingar frå publikum i samband med den avsluttande UngOsa-konserten sundag, der alle deltakarane og lærarane deira medverka.

Sjå vedlagt prosjektrekneskap for oversyn over utgifter og inntekter.

Vi takkar så mykje for stønad til dette prosjektet.

Voss, 7. desember 2017